

## FØREORD

«De e så støgt eit syn», som ho ofte sa nabokjerringa, ho Kirsten på Bakkå. «Da'n bessfar din kom heim frå Amerika, va'n så fin at de va eit støgt syn», sa ho fleire gonger.

Ja, eit stygt syn er det at Hendt og hender i Tingvoll kjem ut også i år. Det er ikkje så sjølsagt å få tid til å snekre sammen denne lefsa kvart år. Men eg har hatt fleire som har støtta meg på mange ulike måtar. Og så har kjerringa hatt tolmod med meg, og gått og lagt seg åleine, og eg har sitte utover nettene. Ei natt for eit par veker sia kom eg i kontakt med ein inngifta etterkommar til Ola Bøyfota, som vart løytnant i den amerikanske borgarkrigen - og som eg har skreve om. Det hagla med foto og slektsinformasjon, heilt til eg skreiv at eg måtte legge meg.

Storopplevelse - og foto av aspøyingen i nordstatsuniform!

Andre hjelparar har eg hatt i skribentane Torolv Løset, Ottar Roaldset, Tor Erik Jenstad, John Bjørn Koksvik, Bernt Angvik, Per Eilert Orten og Bjørn Gjøvikli. Gode hjelparar alle sammen.

I samband med artikkelen frå Sykkylven har eg hatt svært god hjelp derfrå, og Jan Mørkedal har fare som ein skyttyl for å få tak i foto og informasjon. Takk til alle!

Men ikkje minst, stor takk til Jon N. Eikrem for nøyaktig og konstruktiv korrekturlesing på enkeltartiklar.

God lesing!

Øydegard, 25. oktober 2016

*Helge Husby*



*Det er snart sommar att, istappane heng berre halvvegs ned på på glasa -*